

Kategori: Pasientbehandling	Gyldig fra/til: 10.01.2024/10.01.2026
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 2.02
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Prosedyre
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D43645

## Kva er klamydiainfeksjon?

Den seksuelt overførte sjukdomen klamydia skuldast infeksjon med bakterien *Chlamydia trachomatis*. Denne bakterien smittar ved direkte slimhinnekontakt og set i gang ein betennelsesprosess i urinrøret på menn, i urinrøret og/eller i livmorhalsen på kvinner. Bakterien kan også smitte til analkanalen og halsen.

## Korleis smittar klamydia?

Klamydia smittar ved direkte slimhinnekontakt. Du kan bli smitta ved vaginalt samleie, men du treng ikkje å gjennomføre samleie for å bli smitta, det er nok at kjønnsorgana er i kontakt med einannan. Ein har også sett at klamydia kan smitte ved oral- og analsex, ved bruk av dildo og liknande. Klamydia kan ikkje smitte ved toalettbesøk.

## Kor vanleg er klamydia?

Infeksjonen er mest utbreidd i aldersgruppa under 25 år. Årleg blir det påvist rundt 27 000 tilfelle av klamydia i Noreg. Ein reknar med at det er mange fleire som har infeksjonen utan å vite om det fordi dei fleste som er smitta ikkje får symptom. Klamydia er vanleg i alle land.

## Kor lett smittar klamydia?

*Chlamydia trachomatis* er ein svært smittsam bakterie, og det er stor risiko for å bli smitta ved berre ein gongs samleie med ein partner som har infeksjonen.

## Korleis kan eg merke at eg er smitta?

*Dei fleste merkar ingenting*, dei har såkalla "asymptomatisk" klamydiainfeksjon.

Dette gjeld både kvinner og menn.

- Menn kan få lette symptom i form av litt svie eller kløe i urinrøret og/eller litt utflo. Desse symptomata kan vere forbigåande.
- Kvinner kan få litt auka utflo, blodig utflo, blødning etter samleie og/eller litt svie ved vasslating. Plagene startar gjerne 2-3 veker etter at ein er smitta.

## Korleis kan eg unngå smitte?

Kondom brukt under heile den seksuelle akta vernar mot smitte. Dette gjeld både vaginal-, anal- og oralsex.

## Kven kan vere smitta?

Alle som har hatt seksuell kontakt utan å bruke kondom.

## Kva skal eg gjere dersom eg trur at eg kan vere smitta med klamydia?

Du skal då gå til lege for å bli undersøkt. Din faste lege kan ta klamydiaprøvar. Dersom det er helsestasjon for ungdom i nærleiken der du bur, kan du ev. ta kontakt der. I dei største byane er det spesialistpoliklinikkar der ein kan bli undersøkt og få behandling for seksuelt overførte infeksjonar.

## Korleis blir prøven teken?

Menn får vanlegvis ta urinprøve. Kvinner som ikkje har nokon underlivsplager, kan ta prøve sjølv frå skjeden. Dersom kvinner har symptom, bør legen gjere ei gynekologisk undersøking, i så fall tek legen prøve frå livmorhalsen.

## Når får eg svar på prøven?

Vanlegvis går det om lag ei veke før du får svar på prøven.

## Er det dyrt å gå til lege?

Dersom du har *symptom på klamydia, har god grunn til å tru at du kan vere smitta med klamydia* eller er *smittekontakt* til ein person som har fått påvist klamydia, får du **gratis** konsultasjon hos legen.

## Blir eg frisk?

Klamydia er lett å behandle med antibiotika. Du vil anten få behandling med to tabletter dagleg i ei veke eller to tabletter som du tek berre ein gong. Det er legen som ut frå ei samla vurdering bestemmer kva som er beste behandling for deg. Ved komplisert infeksjon må behandlinga vare i 14 dagar. Behandlinga er **gratis**.

## Kor lenge må eg vente med samleie etter behandling?

Dersom du får tabletter i ei veke eller 14 dagar, må du avstå frå samleie i heile behandlingsperioden. Også dersom du får behandling med berre ein dose tabletter, må du vente ei veke før du kan ha samleie. Du bør unngå samleie sjølv om du eller partnaren din brukar kondom. Hugs på at partneren din også må få behandling før de kan ha samleie att. I behandlingsperioden bør du ikkje drikke alkohol.

## Kva med andre seksualkontaktar?

Klamydia er definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Du har difor plikt til å hjelpe til med å få tak i andre som kan vere smitta. Du kan gje beskjed sjølv eller legen din kan hjelpe deg med å få tak i den/dei aktuelle personane.

## Kan klamydia blusse opp att?

Nei, er du først behandla for klamydia, blussar ikkje sjukdomen opp att av seg sjølv. Bakterien blir borte med behandling. Du kan bli smitta på nytt sjølv om du nettopp har fått behandling for klamydia.

## Bør eg gå til kontroll etter behandling?

Dersom du ikkje blir kvitt symptomata eller dersom du er usikker på om du har teke behandlinga på rett måte, bør du ta kontrollprøve. Det må gå minst seks veker frå du var ferdig med behandlinga til du kan ta kontrollprøve. Kontroll etter behandling er gratis.

## Kor ofte bør eg ta klamydiaprøve?

Du bør ta ny prøve dersom du har hatt samleie med ny partner utan å bruke kondom, eller dersom du får symptom som kan tyde på at du er smitta.

## Er klamydiainfeksjon farleg?

Lokal infeksjon i urinrøret, på livmorhalsen eller i anus er ikkje farleg. Bakterien kan spreie seg til livmor og eggliarar på kvinner og gje ein infeksjon i bekkenet. Etter ein slik infeksjon kan ein ha vanskar med å bli gravid. Menn kan få bitestikkelsebetennelse som kan vere svært smertefullt. Det er usikkert om gjennomgått klamydiainfeksjon har innverknad på menn si befruktingsevne. Kor stor risikoen er for å få langtidsbiverknader er ikkje kjent. Dersom klamydiainfeksjon blir oppdaga og behandla tidleg, unngår ein komplikasjonar.

## Kva med graviditet? Kan klamydia skade fosteret?

Nei, fosteret kan ikkje bli smitta med klamydia. Klamydiainfeksjon hos mor kan heller ikkje skade fosteret på annan måte i løpet av svangerskapet. Du kan få behandling med antibiotikum sjølv om du er gravid, men då må du få ein annan type medisin.

Under fødselen kan barnet bli smitta med klamydia. Barnet kan få ein augekatarr eller lungebetennelse. Det er difor viktig at mor blir behandla før fødselen.

## Går det an å undersøke om eg er blitt steril?

Nei, det finst ingen test som kan gje svar på dette.

## Kor stor risiko er det for å bli steril?

Risikoen for å bli steril er truleg liten dersom du får behandling kort tid etter du er smitta. Det viktigaste er at du testar deg dersom du har utsett deg for smitterisiko.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

**Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga**

**Telefon: 55 973962**

**[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)**